


Osingen



Årsskrift 1994
Utgeve av Os Mållag
10. årgang

Osingen

Utgjeve av
Os Mållag

1994

INNHALDSLISTE:

Jorunn Ravnskog:
"Blåklukkeklang"side 1

Ådne Lunde:
Hundre års turisme
ved Bjørnsfjordenside 2

Kåre Herdlevær:
Os Mållag 75 år.....side 7

Magnhild Midthus Nøss:
Minne og meninger
om barneleikside 10

Barnsider
Elevar i 5. klasse
ved Nore Neset skuleside 11

Anne Valle:
Eldreomsorg –
"Utvikling og refleksjonar"side 15

Jorunn Ravnskog:
"Røter"side 18

Einar Haugland:
Oshaugen verkstad AS.....side 19

Kåre Herdlevær:
Steindalssætra – eit av mange
kulturminne i fjelletside 22

Jorunn Ravnskog:
"Når det mørknar"side 26

Annanias Skorpen:
Steindalssongaside 27

Framsida:
Solstrand Fjord Hotel

Skriftnemnda:
Samson Bjørke
Henning Henriksen
Kåre Herdlevær
Anne Margrete Lunde
Elfrid Moberg

Teikning:
Åshild Skaatun

Trykk:
Geo Grafisk AS Bergen

Kr. 25,-

Til lesaren

Det er ei særleg glede for skriftnemnda å ønskja lesarane velkomne til det tiande nummeret av årsskriftet OSINGEN. Å høgtida eit tiårsjubileum er kanskje ikkje så svært, meiner mange. Og for oss i skriftnemnda har ikkje dette vore noko mål i seg sjølv. Det viktigaste for oss har vore å finna fram til godt lokalt stoff, som vi har funne verdi i å bera fram. Det som har gledd oss mest er dei gode tilbakemeldingane vi har fått frå lesarane.

For å markera at vi no gjev ut det tiande nummeret, er årets utgåve litt fyldigare enn elles. Det har såleis ikkje mangla stoff, verken i år eller tidlegare år. Noko av det som også har gledd oss, er at aktuelle skribentar har vore så lette å be. Vi har faktisk inntrykk av at det er ei ære å bli beden om å skriva. Vi takkar dei som gjennom åra har teke på seg arbeid for skriftnemnda.

Ei anna takk rettar vi til dei som har hatt lysingar i årsskriftet. Nokre har fylgt oss i alle dei ti åra. Andre har vore innom ein eller fleire gonger. Lysingane har vore eit kjærkome tilskot til den økonomiske sida. For det kostar å gje ut eit slikt skrift, og skal det bli noko overskot så er lysingane ein vesentleg del av økonomien.

I tillegg til at vi meinte det var mykje lokalt stoff i Os som burde fram i lyset, så har det andre føremålet med årsskriftet vore å betra økonomien til Os Mållag. Og med betre økonomi kan mållaget arbeida betre for målsaka. Bokgåver til barnehagar har vore ei av dei oppgåvene mållaget har løyst på grunn av tiltaket med årsskriftet.

Vi takkar lesarane for at de har vore med oss i desse åra og vonar at de vil vera med oss inn i dei neste ti åra.

GOD JUL!

Helsing frå skriftnemnda.

Helsing

Til.....

.....

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå.....

.....

Blåklokkeklang

av Jorunn Raunskog



Eg vil ha

blåklokkeklangen

dirrande

i sjela mi

sped ringing

frå naturens klokkeårn

med himmelblå

kvelling

trakk ikkje ned blåklokka

sumarens klang frå æva

eg treng den klare tonen

i frostkuile netter

Hundre års turisme ved Bjørnefjorden

av Ådne Lunde



Solstrand i sveitsarmundur slik det såg ut då Chr. Michelsen fekk det bygd. Foto: Lokalhistorisk arkiv

Som ein levande organisme har Solstrand Fjord Hotel lege ved fjorden i hundre år. Utvortes har hotellet vokse i rykk og napp, medan det gradvis har endra utsjånad i takt med tida. Innomhus har fleire generasjonar osingar vaska, koka og stelt godt med den endelause straumen av reisande. Heile tida har magneten, og attraksjonen vore det storarta utsynet over Bjørnefjorden.

Venus", som til vanleg går i rute mellom Bergen og Newcastle, rundar Bjørnen og stemnar inn fjorden. Skipet er pynta med vimplar, sola blenkjer over vatnet frå skyfri himmel, og om bord er stemninga stor. Edvard Grieg er med, og han er i eit strålende humør. Med på ferda er også det verdskjende Gebrouworkesteret frå Amsterdam som nyss har gjeve ein heilt framifrå konsert med Grieg sin musikk på programmet. Elles er toppskiktet i det bergenske borgerskap, eit samla norsk musikkliv og norsk og internasjonal presse om bord. Det har vore stor musikkfest i Bergen, og Christian Michelsen nyttar denne blanke sommardagen i

1898 til å visa fram det nye hotellet sitt ved Bjørnefjorden. Han har leigt englandsbåten for å frakta dei 200 gjestane til "Solstrand, Bergens Saltsjøbad".

Det var berre tre år sidan Chr. Michelsen hadde kjøpt Haugstræ frå garden Hauge for å byggja Solstrand hotell på eigedomen. 28. desember 1896 var det "brandtaxt forretning" over "Hotellet med 41 rum, et annæx med 43 rum og en lade- og fjøsbygning." Hotellet kom truleg i drift alt i 1896 med Barclay Meidell som styrar. Michelsen kan ha blitt merksam på staden gjennom venen Johan Mowinckel som kjøpte Molda for å byggja seg sommarhus der i 1883. Os var elles i skotet. Osbanen opna i 1894 og gjorde bygda lettare tilgjengeleg. I 1880-åra skaut reiselivet fart i Os med fleire mindre hotell, og "landliggarar" (byfolk på ferie) i stendig fleire tun.

På Solstrand var det heilt frå første stund høg klasse, det var ikkje ein stad for allmugen, og det må ha vore ein stolt

Chr. Michelsen som kunne syna eliten innan handel- og kulturliv det nye hotellet.

“Venus” har lagt til kai og ein av deltakarane, svenske Annie Wall, skildrar veitsla slik:

“Middagen intogs i det fria. Utanför hotellet stod långa bord dukade, varest gästerna strax efter ankomsten togo plats. Drömmande blå och stilla, utan en enda krusning, utbredde sig den sköna Bjørnefjorden speglade sig i den blånade dis i fjärran förtonande Hardangerfjällen. Högt över allt det trolska blåa skimrade tindrande vit den majestätiska Folgefonden. En härligare utsikt kunde man icke gerna ha och naturens feststämning ökade glädjen och tillfredsställelsen hos de inbjudna.

Såsom vanligt utövade Christian Michelsen och hans fru det mest uppmärksamma och charmerande värdskap. Många tal och skålar växlades. Michelsen talade för alla musikerna och Edvard Grieg tackade värdfolket med många roliga och humoristiska vändingar.”

Dette var truleg den første storhendinga på Solstrand. Sidan har det kome fleire. Hotellet på Haugstræ kan skilta med storfolk og viktige møte i ei lang rekke. I dei seinare åra har Solstrand Fjord Hotel mellom anna opna dørene for fleire store konferansar, både nasjonale og internasjonale. Men kvardagen ved hotellet har ikkje berre vore fest og stordom, det går tydeleg fram av ei engelsk reiseskildring frå 1903, berre fem år etter den glitrande musikkfesten.

I 1903 vart lutlaget Solstrand hotel & bad skipa med Chr. Michelsen som formann i styret. Køpenhamnaren Jens Sylvester Jensen tok over drifta, og det må truleg ha vore han eller den førre styraren Meidell som klaga si naud til den engelske reiseskribenten

*“Dites, la jeune belle,
Où voulez-vous aller?
La voile ouvre son aile,
La brise va souffler.
L'aviron est d'ivoire,
Le pavillon de moire,
Le gouvernail d'or fin;
J'ai pour lest une orange,
Pour voile une aile d'ange,
Pour mousse un seraphin.*

Charles W. Wood.

Ein varm dag under høg septemberhimmel kjem Wood med Osbanen. Han lovprisar den friske landlufta, etter den usunne og tette bergenslufta. Han er på ei reise til ein av verdas utpostar. Saman med reisekameraten sin L. går han over brua og gjennom tett haustskog. Han veit ikkje kva han går til, men når han kjem over kanten og får det første utsynet over fjorden blir han fylt med ovundring. Dette er det vakraste han har sett. L. seier at det jamvel slår Molde som har raga høgast til no.

Wood skriv: *“Never had we seen such atmosphere so brilliant. No scene to surpass it! It was romantic in the highest degree.”*

Dei to kjem til eit hotell med ein standard som dei ikkje trudde var mogeleg så langt ute i audemarka. Men verten, denne kultiverte stillfarande mannen (*“Our host was a small man of quite energy, who moved and spoke softly; exceedingly intelligent, with a certain amount of sensitivness wich perhaps he would have been better without.”*) klagar over at hotellet er ukjent. Engelskmennene kjem ikkje. Hotellet må sommaren gjennom klara seg på det bergenske borgarskap som kjem i helgene. Dette blir for magert.

Wood rosar verten for det mot han syner. Han trøystar med at når engelskmennene oppdagar denne staden kjem dei til å koma i hopetal. Wood og L. tek ein av dei mange båtane og ror på den blanke fjordflata. Wood snakkar i høge lyriske vendingar om Solstrand og spår hotellet ei stor og lysande framtid når berre engelskmannen oppdagar det. Då dei stig i land på dei skogkledde Sandholmane, lettar ein stor fugl med brusande vengeslag. Naturopplevinga stig til hovudet på dei romantiske englendarane, og L. syng ut høgt og spontant over Bjørnefjorden med sin klare baryton:

Direkte omsett:

*Sei meg, du unge vakre,
Kvar vil du reise?
Seglet opnar vengene sine, og vinden vil puste på:
Årane er av elfenbein.
Flagget er av mønstra tøy,
og roret av fint gull.
Som ballast har eg ei appelsin,
som segl ein engleveng,
og som skipsgut ein engel med tre par venger.*



På 1970-talet var Solstrand prega av tida. Sveitsarsjarmen var borte til fordel for den glatte, funksjonelle fasaden.

Wood fekk rett. Engelskmenne oppdaga Solstrand. Saman med dei meir velstående bergensborgarane som plasserte familiane sine på hotellet og pendla gjennom sommaren, vart dei ryggrada i hoteldrifta. Dei var den viktigaste turistgruppa heilt fram til midt på 1960-talet. Då tok tyskarane over. Samstundes hadde Sverre Schau Larsen alt frå 1952 sytt for å gje drifta eit viktig nytt bein å stå på i ein knallhard konkurranse, det såkalla Solstrandprogrammet.

Børrea Schau Larsen, som driv hotellet i dag, har ei anna sut enn den tidlegare direktøren som uroa seg over at engelskmennene ikkje kom. Ho styrer hardt for å unngå at hotellet vert overfløymd av busslaster med masseturistar.

- Vi ønsjer å ta imot einskildreisande og mindre grupper. Slik kan vi verna om sjarmen ved å driva hotell. Eit hotell skal ikkje vera som ein sardinfabrikk, den menneskelege dimensjon må vera med, seier ho.

Solstrand vart drive av ulike eigarar fram til restauratør Ludvig Larsen frå Halden og kona Maria Schau frå Hobbøl kjøpte det i 1929. Sidan har familien Schau Larsen eigd og drive Solstrand Fjord Hotel. Ludvig Larsen døydde alt i 1931. Då tok Maria over saman med sonen Sverre. Sverre Schau Larsen stod for drifta heilt fram til 1980 då sonen Erik Schau Larsen tok over saman med kona Børrea Schau Larsen som driv hotellet i dag.

Sverre Schau Larsen utvikla hotellet til eit moderne turisthotell gjennom den lange perioden han sat med styringa. Han bygde det ut og utvida sesongen i begge endar til hotellet vart ei heilårsverksemd frå 1976.

I 1976 kom Erik heim etter fleire år i utlandet for å ta del i drifta. Då omsette verksemda for 3,7 millionar kroner. I dag ligg omsetnaden rundt 50 millionar kroner. Det var Erik Schau Larsen som stod for denne utviklinga, og gjorde hotellet til ei solid heilårsverksemd.

- Han hadde store visjonar for verksemda, og fantastisk stor kontaktflate, både nasjonalt og internasjonalt, seier Børrea Schau Larsen.

Ifrå 1952 byrja osingane å venja seg til eit nytt innslag langs vegane. Dresskleddene menn, spaserande med lakksko mellom sølepyttane, ofte to og to saman i lågmælt, alvorstyngd og tilsynelatande uendeleg samtale. Kvar år frå 1952 har toppleiarar frå næringsliv og offentleg administrasjon teke del i det såkalla Solstrandsprogrammet.

Sverre Schau Larsen var framtenkt. Eit lesar-brev forfatta av Rolf Waaler ved Norges Handelshøyskole der Waaler tok til ordet for eit kurs for leiarar var kimen til Solstrandsprogrammet. Schau Larsen visste at han hadde den rette staden for eit slikt kurs. Slik fekk ikkje Solstrand Fjord Hotel berre ei sikker årvisst inntektskjelde ved samarbeidet med Administrativt forskningsfond ved NHH, men hotellet fekk også svært tidleg ekspertise innan den nye

vekstnæringa i faget, kurs og seminar. Og ikkje minst, Solstrand vart eit omgrep blant norske toppleiarar.

Enda om mange osingar har hatt arbeid på Solstrand, har det vore ein avstand mellom hotellet og folk i bygda. Børrea Schau Larsen meiner at skjenkepolitikken har vore med på å skapa denne avstanden. I mange år hadde Solstrand eit såkalla statleg skjenkeløyve. Dette førte med seg at hotellet kunne servera alkohol til engelskmenn og fanastril, medan osingane måtte ta til takke med brus. Dette "apartheid"-systemet har røter langt attende. Då Osørens Hotel, som låg på Øyro, i 1911 søkte heradsstyret om å få selja "lett taffeløl for bygdefolk samt rett til salg af Baierøl for gjæster og tilreisende i sesongen" var svaret nei til det sterke baierølet. Både bygdefolk og tilreisande måtte klara seg med "lett taffeløl". Då A/S Solstrand Hotel & Bad, som i 1923 vart drive som eit underbruk av Hotel Norge i Bergen søkte om løyve til å skjenka øl og vin gjekk det gjennom utan kommentar. Då syntest det ikkje å vera synderleg frykt for at bygdefolket skulle få sterkt å drikka.

- Osingane nyttar hotellet i dag. Både privatfolk som har noko å høgtida, og lokale verksemder kjem hit, seier Børrea Schau Larsen. Ho meiner at hotellet har prøvd å opna seg for bygda mellom anna ved å gje folk tilgang til sømjehallen.

I 1905 skildra O.W. Fastring det ærverdige sveitsarhotellet slik: "Store praktige koridorer, brede trappeoppgange, en rummelig vestibule med peis, en spisesal for 150 mennesker, røgeværelse med peis, en elegant salon, (...) og alt ialt plads for 80 reisende og alle vinduene vendt ud mot Bjørnefjorden og Folkefjonnens glitrende isørken."

I dag har Solstrand 140 tilsette som gjer 70 årsverk og 130 doble rom.

Under vegs har Chr. Michelsen sitt praktbygg gjennomgått mangt. Mot slutten av 1970 talet såg hotellet ut som om det var handsama med rakekniv og strykejarn. Det var skreilt for sveitsarornament, finurlig listverk og trearbeid. Krikar og krokar var glatta ut. Hotellet glodde flatt og dumt ut mot fjorden med husmorvindaugo sine. Det banale uttrykket vart forsterka ved at ein i 1964 bygde den nye betongfløyen. Lite trøyst var det i at hotellet då vart det andre hotellet i Noreg med sømjehall, eller at det var etterpåklokskapen etter brannen i Stalheim hotell som var med å tvinga betongen på hotelnoreg. Betre vart det ikkje då den nye betongfløyen fekk ein tilvekst i 1980.

Så kom der ein snunad. Nytt "lederutviklings-senter" i 1986, med imponerende salar og møterom, vart løynt under hagen utan at møta mista utsynet mot fjorden. Over jorda starta ei utvikling tilbake til "røtene". No rullar milli-



Solstrand søker attende til det som ein gong var.

onane i ei storfelt andletsløfting som Børrea Schau Larsen har sett i gang. Krikar og krokar, listverk og rosettar, karnapp og gamalmodig sveitsisk snurrepipperi og nye vindaugo er på full fart attende. Sveitsarhotellet vert fødd på ny i ei moderne utgåve, betongen har ikkje heilt klart å fortrenga treverket på Solstrand.

- *Eg ser meg sjølv som forvaltar av denne fantastiske staden som no går inn i hundre nye år. Mitt mål med hotelldrifta er ikkje å byggja ut, men å foredla,* seier Børrea Schau Larsen.

Ventesteinen

av Jorunn Ravnskog



*Nede ved det mørkne
grøne gjerdet
var ventesteinen*

*du
kan ikkje vite
at den grå
flate steinen
er eit monument
over kjærleik*

*du
såg ikkje guten kome
å stille seg opp
og vente
ofte lenge
på ein kjær far*

*som alltid kom
til guten sin
og steinen*

Os Mållag 75 år

Av Kåre Herdlevær

I første del av dette hundreåret var det stor interesse for det nasjonale. I disse åra vart det skipa mange norskdoms-tiltak kring i landet. Os Mållag er eitt av desse tiltaka.

SKIPINGA

Os Mållag vart skipa 1. april 1920. Til våren kan laget såleis høgtida sine 75 år.

Det er igrunnen underleg at det ikkje var mållag i Os tidlegare. Vestlandske Mållag vart skipa i 1904 og Noregs Mållag i 1906, så dei som ville gå i brodden for eit slikt tiltak hadde desse organisasjonane i ryggen. Men skal ein skipa eit nytt lag, må ein også ha noko å arbeida for. Det var det nok, t.d. skulemålet og målbruk i offentleg styre og stell. Men det måtte også vera nok av interesserte personar som var villige til å gå i brodden og ta det tunge arbeidet det kan vera å organisera eit nytt lag. Men i 1920 var det 20 osingar som kom saman og skipa laget. Første formannen vart Hans H. Bjånes. Med seg i styret fekk han: Anna Hægland, Kari Instefjord, Paul Moberg og Nils Tveit. Alle desse var sterkt interesserte i alt norskdomsarbeid.

Det kan nok ha vore ein påskuv at nynorsk vart innført i skulen i alle krinsar frå 1919, med unntak av Oskrinsen. Her vart nynorsk først innført i 1931. Men kanskje hadde skiping av mållaget påverka skulestyret, for skulestyret si møtebok er ført på nynorsk frå 1921.

DEI FØRSTE ÅRA

Det må elles ha vore noko strid om innføring av nynorsk i Os-krinsen. For den 17. april 1931 var styret i mållaget samla for å drøfta ein fest og kvar den skulle vera: "Men som vegane var då, var det mest uråd å ha festen i ein utkant på bygd. Og på Os kunde ein ikkje godt ha han då, sidan det var slik strid um avrøystingi um skulemålet." står det i styrefeferatet.

Det var mange kjende menn som heldt foredrag på møta i perioden 1920-39. Emna var for det meste om norsk mål, sikkert for å setja kve-



Hans H. Bjånes (1893-1938) Første formann i Os Mållag
ik i dei som stod i brodden for målsaka i Os. Og kveik har nok desse foredraga gitt, for det vart gitt inn mykje arbeid på å få nynorsk inn på offentlege kontor i kommunen. Fleire skriv gjekk til formannskapet om denne saka. Resultatet vart positivt. På møte i Os heradstyre 10. april 1932 gjekk det inn for nynorske skjema på dei kontor det hadde hand om. Dette galdt ikkje Os e-verk og trygdekantoret. Etter nye skriv vart utfallet eit vedtak om at det skulle nyttast nynorske skjema på heradskasserarkantoret. Os e-verk og Os Trygdekasse vedtok det same.

Dette var ein siger for mållaget. Like bra gjekk det ikkje då dei stilte eiga liste til soknerådsvalet i 1933. Grunngevinga for eiga liste var at det skulle tilsetjast ny prest. Ønsket frå mållaget var å få ein prest som nytta nynorsk. Laget meinte at ein hadde større innverknad på tilsetjinga med nynorskinteresserte soknerådsmedlemer. Lista nådde ikkje opp i tevling med soknerådet si eiga liste. Frå bokmålsfolk gjekk det ut eit opprop, som vart sendt indremisjons-

folk i bygda, med oppmoding om å nytta soknerådet si lista. Oppropet slutta slik: "*Stem den sproglige egoisme ned*". Det må ha vore stor interesse for dette valet. Det var heile 362 som røysta.

Anna arbeid som mållaget dreiv var bokringar. Desse ringane gjekk godt. Det vart kjøpt inn mange gode bøker, sjølv i ei tid der det var lite med pengar mellom folk flest.

OPP OG NED

Det kan ikkje ha vore så lett å halda oppe interessa for målarbeidet mellom bygdefolket. Mållaget var såleis ikkje i samanhengande arbeid frå skipingsåret fram til 1939. Laget hadde kvileår frå 1923 til 1930 og frå 1935 til 1938. Det året skipa laget til målstemna i samarbeid med Vestlandske Mållag, som det var medlem av like ifrå starten. Laget var så i arbeid fram til styremøte 30. april 1939 og vakna ikkje opp att før i 1956.



Johan Langeland.
Ei berande kraft i Os Mållag i perioden 1956-83

NY START

Den 18.februar 1956 kom det nye styret i arbeid og var samansett slik: Hallvard Håheim (formann), Johan Langeland, Kristi Alvsåker, Alfred Heggland og Anna Gjersvik. Dei starta opp arbeidet med å skipa til eit festmøte, med tale av Margit Tøsdal. Slike festmøte vart det fleire av framigjennom åra, med gode program som gjorde at folk møtte fram. Mellom anna

trekte Harald Sæverud svært mange interesserte osingar til eit festmøte i 1971.

Laget tok no også til med årlege bokkveldar. Meininga med desse har vore å spreia kjennskap til nynorsk litteratur ved utstilling av nynorske bøker. På bokkveldane har ein nynorsk forfattar fått høve til å presentera seg og sitt eige forfattarskap. M.K.Olsen bokhandel har i alle år støtta opp om desse kveldane med utstilling og sal av bøker.

I-MÅL OG A-MÅL

Os mållag tok tidleg standpunkt i den årelange striden om i-mål eller a-mål. I referat frå eit møte i mållaget 5.februar 1939 står det: "*Os mållag samla til møte bed det vyrde Kyrkje-departementet um at det må koma lærebøker med i-formi, pronomenet me og endingi -or. Denne formi er nytta i alle skular her i bygdi, so det fell svært ulagleg for oss utan.*"

Dette vart mållaget sitt offisielle standpunkt i svært mange år. Det vert kalla Aasen-lina i målpolitikken og har sine fremste talsmenn i Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske mållag. For å stå på denne lina melde laget seg ut av Noregs Mållag, men heldt fast på medlemsskapet i Vestlandske mållag. Det går ikkje fram av møtebøkene når det vart gjort slikt vedtak. Men av kassaboka går det fram at frå og med 1970 vart det berre sendt medlemspengar til Vestlandske mållag i ei tid.

MÅLLAGET "OSIN ÆN"

Sjølv om dette skal vera eit oversyn over Os mållag sine 75 år, så må det vera rett å nemna at det i ein 10-års-periode var 2 mållag i Os. Årsaka til dette var at målinteresserte personar i Os gjerne ville vera med i eit mållag, men berre dersom mållaget også var innmeld i Noregs Mållag. Dei fire personane som gjorde opptaket til å skipa eit nytt mållag i Os var: Ola Breivega, Terje Skutlaberg, Åsmund Lien og Kåre Herdlevær. For at Os Mållag skulle vera kjendt med tiltaket, skreiv desse slik i eit brev til Os Mållag 7.1.1974: "*Underskrivne lagsfolk i Noregs Mållag har lenge kjent trong til å vera med i eit mållag i bygda. Når me ikkje har meldt oss inn i Os Mållag, kjem det av at me ikkje tykkjer det er rett å stå i eit lag som ikkje er med i Noregs Mållag.*"

Os Mållag var ikkje villig til å støtta ønskje frå desse fire. Difor vart Mållaget "Osingen" skipa 1. april 1974.

Mållaget "Osingen" hadde desse hovudarbeidsområda: skule-målet (også i barnehagar), forretningsmålet, målførearbeid generelt og Os-målet spesielt, målbruk i offentlege etatar og medlemsverving. I skulemålsarbeidet samarbeidde laget med Os Mållag. Det vart laga ein faldar om Osmålet og Arne Aarseth utarbeidde eit eige hefte om Osmålet til bruk i skulane.

For å auka interessa for god målbruk i lysingar frå forretningar o.l. vart "Lysingsprisen" innstifta. Den har auka interessa for å nytta nynorsk i lysingar i lokalpressa.

Leiarar i Mållaget "Osingen" var: Ola Breivega, Johannes Bolstad, Arne Aarseth og Kåre Herdlevær.

SAMANSLÅING

Styra i Os mållag og Mållaget "Osingen" tok opp samtalar om samanslåing i 1983. Første steg på vegen var at Os Mållag på årsmøtet sitt 10.mai 1983 vedtok å melde laget inn i Hordaland Mållag og dermed også i Noregs Mållag. Utover året vart det arbeidd med å avklara praktiske og formelle ting ved ei samanslåing. Etter at begge laga på ekstra årsmøte vedtok samanslåing, vart det på sammøte mellom laga 7. desember 1983 vedteke å slå laga saman. Det var full semje om at laget etter samanslåinga skulle heita Os Mållag. Det nye styret såg slik ut: Kåre Herdlevær (leiar), Magne Krüger, Annanias Skorpen, Sunniva Bjørkelo og Atle Underhaug.

Med dette vedtaket gjekk Mållaget "Osingen" over i historia og alle målinteresserte personar i Os var samla i same mållaget.

Det er ikkje tvil om at ei samanslåing var det rette, særleg med tanke på medlemstalet. Det auka sterkt den første tida, etter ei god medlemsverving. Medlemstalet har no stabilisert seg på omlag 100.

ÅRSSKRIFTET "OSINGEN"

Styret i Os Mållag tok i 1985 opp arbeidet med å gje ut eit årsskrift. Målet var å ta opp lokale kulturhistoriske emne og andre lokale emne, presentera lokale forfattarar og sam-

stundes, ved hjelp av lysingar, finansiera årsskriftet. Ein tanke bak tiltaket var også å skaffa pengar som kunne nyttast i målarbeidet.

Målsetjinga har til fullnads slått til. Årsskriftet har blitt eit tiltak som har fått mykje ros og som vert lese, både av innabygds osingar og av utflytte, som gjerne får det i gåve frå slekt og vener.

ARBEIDET DEI SISTE ÅRA

Det arbeidsprogrammet som Mållaget "Osingen" hadde, vart vidareført etter samanslåinga. At dette har gjeve synlege resultat er det ikkje tvil om.

Den aktiviteten som mållaget har lagt ned i samband med innskriving av nye elevar i barneskulen er nok noko av årsaka til at nynorskprosenten i barneskulen har gått opp i Os dei siste åra.

Inntektene av årsskriftet har gjort mållaget i stand til å gje bokgåver til barnehagane. Og bokgåvene, det har sjølv sagt vore barnebøker på nynorsk. Dette er eit tiltak som barnehagane har sett stor pris på, for midlar til bøker er ikkje det som har vore lettast å finna budsjettmessig dekning for.

"Lysingsprisen" har blitt delt ut kvart år og årsskriftet har kvart år kome med lokalt stoff, både kulturhistorisk, frå notida og den meir nære fortid.

Mållaget har vore ein "vakthund" når det gjeld bruk av nynorsk i offentlege organ, noko som vi trur har påverka desse i positiv lei for nynorsken.

Jau, Os Mållag er ein livs levande organisasjon som også vil vera med på å setja sitt preg på kulturlivet i bygda i framtida.

Formenn /leiarar har vore: Hans H. Bjånes, Gustav Klyve, Magnus Askvik, Johan Myrtveit, Alfred Gjersvik, Hallvard Håheim, Henrik Lien, Jimmy Øvredal, Sølvi Haga, Annanias Skorpen, Johan Langeland, Kåre Herdlevær, Samson Bøgevik, Anne Margrethe Matre Hjemdal og Olav Fure. Noverande leiar er Reidar Bremerthun.

*Kjelder: Bygdesoga for Os
Møtebøker til Os Mållag
og Mållaget "Osingen"*

Minne og meiningar om barneleik

av Magnhild Midthus Nøss

Det kan synast eit underleg tema å ta opp i eit svært så vakse og seriøst blad som årsskriftet til Os Mållag. Men ved nærare ettertanke er det kanskje ikkje så dumt likevel.



KVA ER LEIK

Leik er viktig. Leik har saman med mange andre faktorar vore med og forma oss som sosialt tenkjande menneske.

Leiken

lærte oss å meistra både

de kropp, kameratar, sigrar og nederlag. Den lærte oss at der fanst faste reglar og retningslinjer som måtte følgjast dersom vi skulle lukkast. Leik var med andre ord ikkje berre tidtrøyte, men også eit oppdragande moment. Leik kan vera prov på naudsynet av å få nytta evner og krefter. Alle born leikar dersom dei får høve til det, anten som eigne påfunn eller tillærte som har gått i arv i generasjonar.

FRÅ EIGEN BARNDOM

Frå eigen barndom kan eg hugsast ei lang rekkje leikar. Nokre med årstilknytning som ballspel, "paradis" og "sprettepinn". Nokre dukka opp ein eller annan stad ifrå, varde ei stund og svann bort. Andre var rettelege attergangarar som ein kan sjå held stand framleis.

Det var skilnad på lagspel og individuelle spel, skilnad på gute- og jenteleikar og skilnad på leikar ved skulen og heime. Ved skulen var lagspela mest einerådande, ofte delt i grupper etter kjønn, men også med samansette lag.

Utveljinga av deltakarar var sers viktig. Det var alltid dei eldste og sterkaste som hadde dette oppdraget, og det gjekk føre seg etter nærast magiske ritual med lange, monotone og rytmiske reglar. I desse lagleikane var samspelet heilt naudsynt. Dei dugande måtte hjelpe dei måtelege for at heile laget skulle lukkast. Dei vart sedde opp til og skapte ideal som andre strekte seg

etter. Dette var erfaringar som vi meir eller mindre medvete tok med oss til det vaksne livet.

SKULELEIKAR

Leikar som også hadde tilknytning til skulen, men i ei heilt anna form, var juleleikane. Om lag to veker før den store høgtida tok vi til å øva på song- og ringleikar. Læraren, som spela både orgel og fele, brukte songtimane til dette formålet. Desse leikane var også avhengige av samspel, men var ikkje konkurranse- eller resultattilknytte. Dette var eit av dei svært sjeldne hende med vaksen rettleiar, og ved sida av fest og fagnad fekk vi øva opp samspelet mellom song og rørsler.

HEIMELEIKAR

Heimeleikane hadde store skilnader mellom gute- og jenteleikar. Jentene kopierte mødrene og deira gjeremål, gutane etterlikna fedrane. Dette mønsteret ser ikkje ut til å endra seg. Vaksne medverkar til skilnaden ved å gi borna leikety som svarar til verva dei vil få som vaksne. Gutane får tekniske ting, bilar, våpen, gravemaskinar og traktorar. Fredelegare syslar pregar jenteleikety. Dei får dokker, koppestell, komfyrar og vaskemaskinar.

I våre dagar er det ein sterk straum for å gjera kvinne- og mannsrollene meir like i samfunnet. Men det er framleis vanskeleg å få auge på noko særleg likestilling i barneleik- og barnekultur.

ORGANISERT LEIK

Elles er det dei store, organiserte gruppe- og idrettsleikar som dominerer idag, der både leiarar og foreldre legg ned eit kjempearbeid for å aktivisera born.


Med er vel ikkje delte meiningar om at det er den spontane leiken, som fremjar fantasi og førestellingsevne, som er den opprinnelege og grunnleggjande.

Korleis legg vi dei fysiske tilhøva tilrette for born i deira kulturelle verksemd? I dag ser vi at born vert jaga bort frå skule- og idrettsplassar samstundes med at vegar og gater er livsfarlege tilhaldsstader for born. Difor er det vel nærast eit under at dei framleis er i stand til å halda på sine leiketradisjonar.

BARNESIDER

av elevar i 5. klasse ved Nore Neset skule


Finn 5 feil



Namnet til eit blad

VASSRETT:

1. Dyr
2. Topp
3. Bakke
4. Gutenamn
7. Sjå
8. Jentenamn
10. Not




LODDRETT:

1. Gutenamn
5. Vond
6. Vist veg
9. Spit

Faktaspørsmål om hest

1. Kva heiter ein kastret hingst?
2. Er fjordingen ein norsk hest?
3. Kva heiter håret på hovudet til hesten?
4. Har alle hestar hale?
5. Kva heiter barnet til hesten?
6. Er å trave å gå eller å springe forsiktig?
7. Brukar hesten sko?
8. Brukar hesten pyjamas?

(Svar bak i bladet)



Gåter

1. Kva gjer du dersom ein elefant set seg i gyngestolen din?
2. Kva er det som er lite og grønt og seier mø, mø?
3. Der den grønne bøen strekk armen like ned i fjæra, sit ein på huk og rekkjer lystig tunga til all verda. Gullgult hår og gule klede, solskinnsbarn og røverunge, kan du gissa kven det er?
4. Kva er det som har like mange sår som hunden har hår?
5. Kva er det som er rundt som eit egg og langt som ein kyrkjevegg?
6. Veit du korleis ein senkar ein svensk u-båt?
7. Kvifor kan ikkje hesten ta trikken?
8. Kvifor er sauene så dårleg til å springe?
9. Kva er det som er kvitt i lufta, og gult når det landar?

(Svar bak i bladet)



Førre einig er ikkje bra,
FOR NOKON.

Vitsar • Vitsar • Vitsar • Vitsar


Det var ein mann som kom inn i ein bar.
Så spurte han mannen ved sida av seg:
- Ser du han med svart hatt der borte?
- Men det er to menn der borte med svart hat.
Så blafra han ned den eine mannen.
- Ser du no han med svart hatt?
- Ja, kva er det med han?
- Han likar eg ikkje.

- Veit du kvifor prærieulvane hyler om natta?
- Om dagen ser dei kaktusane...

Elefanten og musa skulle bada.
På stranda fann ikkje musa badebuksa si.
Då sa elefanten: "Du kan godt få låna mi".

Pappa ved billettluke:
- Får barn bli med inn gratis?
- Ja, under seks.
- Fint, for eg har berre fire.

12




Ole finn ikkje svaret på ei skuleoppgåve og spør faren:
- Kvar ligg Himalaya?
- Spør mor, det er ho som ryddar her.

Vitsar • Vitsar

- Det er berre idiotar som er skråsikre på alle ting!
- Er du sikker på det?
- Ja, absolutt!

- Vesle Tomas kom med roser til mormor.
- Takk skal du ha vennen, men eg har faktisk sånne roser i hagen.
 - Ikkje no lenger!

Tenk om det ikkje fanst elektrisitet.
Då måtte vi sitja i mørket og sjå på fjernsyn.




- Kelnar, gi meg ein kopp te.
- Vi serverer ikkje te så tidleg.
- Så gi meg eit glas mjølk då, om kua har stått opp.

Det var ein gong to appelsinar som gjekk på ei bru.
Brått datt den eine uti sjøen.
Skrell deg og send ut ein båt ropte den til den andre.

Har du høyrte om svensken som skulle på isfiske og kom heim med 50 kilo is?



Det var ein gong to syltetøy-kattar som sat på ei flaggstong.
Så kom det ein fuglehund flygande forbi.
"Kan vi få sitje på?" spurde dei.
Det kunne dei. Dei flaug langt utover Atlanteren. Dei datt av, men det gjorde ingenting, for dei hadde ei bestemor som kunne sykle.



*Nei, barna kappar
i fallskjerm
unntatt Janett
for hest, litte
- sperring*



Den svenske detektiven undersøkte eit knust vindauge.
"Dette var verre enn eg trudde; det er knust på begge sider".

Bremsane på bilen virkar ikkje lenger, så eg må få reparert hornet.

Alle barna gleda seg til nyttårsafta, unntatt Janett, ho skulle vera rakett.

- Når du et pizza, et du med hendene eller med kniv og gaffel?
- Eg et med hendene.
- Eg et no med munnen, eg.

Det var krig mellom Noreg og Sverige og svenskane kasta handgranatar mot dei norske stillingane. Nordmennene drog ut splintane og kasta dei tilbake.

Alle barna var friske unntatt Liv ho var Hiv-positiv.


Alle barna sat rundt bålet unntatt Bitten ho sat i midten.

Alle barna såg ut av flyet unntatt Finn han såg inn.

Alle barna åt torsk unntatt Pål han åt elektrisk ål.





Ordg te



1. Retning
2. L restad
3. Gutenamn
4. TV program (TV2)
5. By
6. Uver
7. Dyr
8. Tal
9. Jentenamn

Tegneserier



Eldreomsorg "utvikling og refleksjonar"

"Heimesjukepleiar i Os kommune"

av Anne Valle

Heimesjukepleien i Os er ein del av den opne omsorga og representerer i dag helse- og sosiale tenester som vert drivne utanfor institusjon. Det er ei forholdsvis "ung" offentlig ordning. Men ved å sjå på eldreomsorga i eit historisk perspektiv, vil vi sjå at det har vore driven ei slags heimesjukepleie svært langt tilbake i historia.

UTVIKLINGSTREKK

DET GAMLE ÆTTESAMFUNNET

I det gamle ættesamfunnet hadde dei eldre ei viktig rolle. Dei hadde livserfaring, dei var berarar av tradisjon og hadde autoritet. Ætta tok seg av dei gamle når dei ikkje var istand til å arbeida lenger. Harde levevilkår førte til tidleg død. Ætta sine plikter varte fram til forrige århundre, men etterkvart med avtakande styrke.

MELLOMALDEREN

Under mellomalderen auka folketalet, noko som førte til mindre dyrka jord med uår og tiggings som resultat. Det å tigga vart i Os kalla "gå rundt og be seg". Tiggings gav opphav til legd. Gardsbruk vart inndelt i fattigkrinsar/legd. Storleiken på garden og bonden sin rikdom bestemte kor lenge ein fekk vera før ein vart sendt vidare til neste gard. Det var fattigkommisjonen som organiserte ordninga. I Os prestegjeld hadde fattigkommisjonen sitt fyrste møte 21.des. 1756. I 1890 gjekk dei siste 5 menneska på legd i Osbygda, og den siste av dei døydde i 1897. Dei fattige vart etter den tid "bortsette" for ei fast godtgjerdse.

FRÅ ÅRHUNDRESKIFTET TIL 2. VERDSKRIGEN

I denne perioden gav kommunane økonomisk støtte til kyrkjelyden sin gamleheim, men i mellomkrigsåra oppretta kommunane sjølve kommunale alders- og sjukeheimar. Eldre-

omsorg vart på den tida gamleheimssak. Det var kommuneøkonomien som bestemte standard, innreiing og kvalitet på tenesta på gamleheimane som bar preg av autoritære haldningar og strenge reglar.

I Os vart det i åra etter 1920 samla inn pengar til gamleheim, og heimen kunne reisast heilt skuldfri takka vera 2-3 personar: Johan Ludw. Mowinckel, Julie Mowinckel og Martha Lekven. Nyttår 1932 vart gamleheimen teken i bruk. Der var rom til 24 gamle, styrar og tenestebustad, sjukestove, samlingsrom og arbeidsrom. Heimen kosta ca. 80 000 kr, og dei gamle måtte betala 40 kr pr. månad det fyrste året. Fyrste styraren var Frk. Ranveig Hopland.

I 1936 vart det innført alderstrygd. Dette ga dei gamle ei kjensle av tryggleik og av å vera uavhengig av forsorga. Dei hadde no høve til å betala for opphaldet på ein gamleheim.

ETTER DEN 2. VERDSKRIGEN

Etter den andre verdskrigen var det politisk semje om å byggja ut velferdsstaten. Tanken bak velferdsstaten er at problem og sjukdom som rammar den enkelte, angår heile samfunnet. Den skal tryggja det enkelte individ mot naud og fattigdom.

Sosialpolitikk fekk brei plass, og lov om sosial omsorg kom i 1964. Det vart her slått fast at det offentlege har ansvar for å gje, blant andre, eldre, naudsynt omsorg og hjelp. Barna skulle ikkje lenger ha den formelle plikt til å forsørgje dei.

Trygdeordningane vart stadig utvida, og i 1967 kom "Lov om folketrygda", som sikra alle lik rett til alderstrygd.

SENTRALE MÅL FOR ELDREOMSORGA I NYARE TID

I St.melding nr. 22 1975-76 heiter det: "*Eldre må få høve til å bli buande i sin heim og sitt miljø så lenge som mogleg, og etter at dei er blitt sjuke, dei må få delta i vanleg samfunnsliv*".

Det var vilje til å satsa på open eldreomsorg samtidig som tilhøva på institusjonane måtte bli betre.

Vi har gjennom historia fram til i dag utvikla to omsorgs-ideologiar: den private og uformelle med dei nære pårørande som viktigaste omsorgspersonar og det offentlege og formaliserte system med ulike fagfolk som viktigaste ressurs.



“Terrengsjukepleiarar” klar til innsats. Frå venstre: Liv Bente Halhjem, Anne Valle, Margunn Fløysand

DEN PRIVATE OG UFORMELLE, SOM OG KAN KALLAST – FAMILIEOMSORG

Dei fleste eldre ynskjer å bu heime hos seg sjølv så lenge som mogleg med den næraste familie som gjev omsorg. Det er idag vanskeleg for mange familiar. Sjølv om dei ikkje har juridisk plikt til å hjelpa sine eldre, kjenner dei fleste eit moralsk ansvar. Dei fleste ynskjer å hjelpa det dei kan. Det er ikkje familien primært som sviktar, men føresetnaden for å kunna påta seg omsorgsarbeid er idag endra. Fleire faktorar har ført til at familien sin omsorgskapasitet er redusert, alle er i arbeid, geografisk avstand osv.

For at dei eldre skal kunna bu heime etter at dei er blitt sjuke og hjelpelause, er det viktig med eit samarbeid mellom familie og det offent-

lege. Den offentlege omsorga kan tilby fagleg teneste/service, men kan ikkje erstatta personleg kontakt og nærleik. Ofte ynskjer pårørande å dela ansvar med det offentlege hjelpeapparatet.

Eldre er idag meir motivert for å ta imot hjelp frå det offentlege. Det som no er ein rett, var før ei skam. Det er derfor lettare for pårørande å overlata ansvaret til det offentlege. Familien si omsorg for eldre blir ofte kalla skjult omsorg, det er ulønna omsorgsarbeid og dermed lite synleg, ofte er det kvinner som steller sine ektemenn.

LITT OM DEN OFFENTLEGE OMSORGA OG HEIMESJUKEPLEIEN I OS KOMMUNE

Heimesjukepleien, og kalla den opne omsorga, er den offentlege omsorga som skal gjera osingane i stand til å bu heime så lenge som mogleg. Det er *“Eit supplement til institusjonsinnlegging når behandling og observasjon kan utførast heime”*.

Det er ein organisasjon der fleire faggrupper utfyller kvarandre.

Målgruppe

Heimesjukepleien er eit tilbod til alle aldersgrupper som treng pleie, behandling og hjelp i heimen av psykisk og fysisk art.

Kven vender ein seg til?

Dei som treng hjelp kan sjølv venda seg til heimesjukepleien eller andre kan gjera det på deira vegner. Ein treng ikkje rekvisisjon frå lege.

KORLEIS HAR DET VORE Å ARBEIDA SOM HEIMESJUKEPLEIAR?

Då eg begynte å jobba i Os kommune som ekstravakt i 1973, var heimesjukepleien ein liten og oversiktleg organisasjon med 2 pleiarstillingar, og eit fåtal heimhjelparar. Trass i at sjukeheimen var opna i 1973 med 40 senger og hadde letta presset i den opne omsorga, var oppgåvene mangfaldige og utfordringane store, krava frå forbrukarane var små.

Det å vera heimesjukepleiar var nytt for meg, eg hadde ingen praksis frå feltet og knapt nok høyrte om begrepet i mi utdanning. Å koma frå

sjukehus og rett ut i "felten" var ein stor overgang. Teoriar og prosedyrar vart sett på harde prøver. Her stemte ingen ting! Korleis kunne eg gjera ein profesjonell jobb utan naudsynt utstyr og under slike tilhøve?

Sjukehus-prosedyrar kunne eg gløyma, og eg fann fort ut at teorien heller ikkje alltid stemte.



Per Fosse – alltid villig – og Anne Fosse, ned Smiebakken

Derimot måtte vi henta fram det vi hadde av fantasi og kreativitet for å ordna opp i vanskelege situasjonar. Som eit minne om vår allsidige jobb, illustrerte Bjørn Bugge ein episode der vi i mangel på transportmiddel, trilla ei sjukeseng frå sjukeheimen, ned Smiebakken til Haugsneset under mykje moro.

"Terrengsjukepleien" hadde alltid god hjelp av dei "sterke menn" på sosialkontoret. Å hjelpe heimesjukepleien var for dei eit positivt avbrekk i ein elles byråkratisk kvardag.

Jobben var spanande og utfordrande, eg såg her høve til å få vera til nytte, jobba sjølvstendig og å få bruka sjukepleiar- utdanninga på eit nytt felt. Eg sa opp stillinga mi på Haukeland sjukehus og vart fast tilsett i Os kommune som "terrengsjukepleiar", som vi og vart

kalla med rette. Skulle vi til Midtsæter vintertid, var det berre å ta med ski og sekk i bilen. Fram skulle vi!

Spaserturar på dei "billause" øyane før brua si tid, er gode minne. Der ute hadde vi tid til å drikka kaffi hos pasientane og å nyta naturen medan vi venta på ferja. Det var opplevingar

som var med på å gjera denne jobben spesiell.

Jobben som heimesjukepleiar har gjeve meg kunnskap om og erfaring med menneske. Den har lært meg å ta ansvar, bli sjølvstendig og å ha respekt og toleranse for andre.

Oppgåvene var mangfaldige og tal på pasientar auka etter kvart som våre tenester vart kjende i bygda og folk fann ut at dei hadde rett på gratis hjelp frå det offentlege. "Midlertidige retningslinjer for heimesjukepleie", var kommunen sitt grunnlag for å driva heimesjukepleie på 1970-talet. Det vart ikkje lov-pålagt med heimesjukepleie før "Lov om kommunehelseteneste" kom i 1984.

Heimesjukepleien opplevde stor respekt og forståing for det arbeide dei gjorde og sakte, men sikkert fekk vi tildelt ressursar til å byggja



Jenny Storum. Sjukepleiesjef 1972–91

opp den tenesta vi har i dag. Jenny Storum har vore ein pioner på dette området. Ho har vore sjukepleiesjef sidan 1972 og kjempa dei eldre si sak i alle desse åra. Saman med kommunelege, Nic. Lunde har ho æra for at Os i dag har ei rimeleg godt utbygd eldreomsorg.

Med 20 års fartstid som “terrengsjukepleiar” i

Os kommune har eg sett den opne omsorga utvikla seg frå ein famlande liten organisasjon med få tilsette, enkle midlar, til ein profesjonell organisasjon med dyktige fagfolk som i dag har som mål at osingane får den hjelp dei har krav på og får bu i heimen sin så lenge som mogleg.

Skal vi nå dette målet, kan vi ikkje kvila på laurbæra, men fortsetja å utvikla tenesta og å førebu oss på å takla dei oppgåver samfunnsutviklinga påfører oss. Knappe ressursar krev omstilling og haldningsendring om vi skal makta å nå måla våre. Dei “nye” eldre, som blir oss, vil stilla andre krav og vera meir bevisst om rettane våre.

Er det på tide å gjera som det gamle ættesamfunnet, sjå på dei gamle som ein ressurs, læra av dei og bli flinkare å utnytta deira kompetanse?

Røter

av Jorunn Ravnskog

I skumringstimen

i den grå stilla

sat eg tagal

kjende meg eitt

med rommet

eitt med jord og himmel

medan farmor

kveikte i omnen

vart skumringa fylt

av eld

og varme

frå gamle røter

Oshaugen Verkstad as

Arbeidsstad for psykisk utviklingshemma i Os

av Einar Haugland

BAKGRUNN

I undt 1975 vart det skipa eit foreldrelag for foreldre med psykisk utviklingshemma born. Med i laget var foreldre frå Os, Tysnes og Fusa. Laget såg det som ei oppgåve å få i gang eit dagsenter for psykisk utviklingshemma. Desse hadde tidlegare anten vorte sende til institusjon, eller dei hadde vorte buande heime. På institusjonane var det ulike aktivitetar sette i gang for dei som budde der. For dei heimebuande vart aktivitetstilboda få, eller i verste fall ingen.

Foreldrelaget vedtok å skipa eit dagsenter for psykisk utviklingshemma. Laget fekk økonomisk støtte frå Hordaland fylke. Søfteland gamle skule var no vorten ledig, og hit vart dagsenteret lagt. Elevane ved senteret vart i første omgang heimebuande frå Os. Seinare kjøpte andre kommunar plassar ved senteret. Senteret fekk namnet Gåssand Dagsenter.

I 1980 vart Haugsheim verna bustad, med plass til 8 personar, opna. Fylket dreiv bustaden, som gav plass til heimebuande frå Os, og nokre frå andre kommunar. Alle som budde i bustaden fekk arbeidsstaden sin ved dagsenteret på Søfteland. Arbeidsplassane til dei psykisk utviklingshemma kom til å verta verande ved senteret fram til 1988. Etter kvart var plassen ved senteret vorte for liten. Det gamle E-verksbygget i Oshaugen vart fråflytt i 1988, og dagsenteret flytte no til denne bygningen. Her fekk ein betre rom og kunne ta til med anna verksemd.

Verksemdforma vart no endra. Dagsenterdrifta vart lagt ned, og ein skipa Oshaugen Produksjonsverkstad. Verksemda fekk framleis tilskot til drifta frå Hordaland fylke, men frå 1991 vart stønaden til drifta gjeven av arbeidsmarknadsetaten i fylket. Verkstaden vart godkjend for 10 arbeidstakarar.

Arbeidstakarane ved Oshaugen idag kjem frå ulike kommunar, Men har i tråd med syns-

måtane i HVPU-reformen, vald Os som bustadkommune. Dei fleste bur idag i eigne bustader, men nokre er heimebuande.

Til dagleg drift av dagsenteret var det heile tida tilsett aktivitørar og lærarar. Ved senteret var det ein styrar, ein aktivitør og ein lærar. Idag har verkstaden 3 aktivitørar/ arbeidsleiarar. Til verkstaden er det knytt ei skuleavdeling med 2 lærarar.

Frå 1991 er verkstaden omgjort til aksjeselskap med kommunen som einaste aksjeigar. Drifta ved verkstaden er som før.

ARBEID/AKTIVITETAR VED VERKSTADEN

Sidan dagsenteret vart skipa i 1975, har produksjonen vore sentrert om trearbeid og tekstilarbeid:

Trearbeidsproduksjonen var sløydprega, og skulen hadde ein stor plass i denne. I dag har trearbeidsavdelinga eigen arbeidsleiar. Tekstil-



Olav og læraren Frank Bøe viser trearbeidsprodukt.
Foto: Os & Fusa Posten

produksjonen har heile tida vore leia av spesialutdanna aktivitørar. Produkt og produktmengde har variert både i utval og storleik frå oppstart og til i dag. Frå først av var krav om inntening i verksemda ikkje noko stort mål, men dette kravet har vorte sterkare etter kvart. I dag har ein i rekneskapssamanheng sett mål for inntening. Dette set krav til stor innsats både for arbeidstakarar og arbeidsleiarar.

ARBEIDSOPPGÅVER ARBEIDSRESULTAT

Arbeidsoppgåvene ved verksemda har vore i stendig utvikling. Frå enkle og rimelege sløyd- og tekstilting, lagar ein i dag produkt i tusenkroners-klassen. Framleis har verksemda to avdelingar, ei treavdeling og ei tekstilavdeling. Gutane har stort sett heile tida hatt arbeidet sitt ved treavdelinga. Jentene har etter kvart kome meir med i denne avdelinga, noko som har vore til styrking for avdelinga. Framleis rår jentene grunnen på tekstilavdelinga.

Arbeidshjelpemidla har stendig vorte betre og fleire. Frå enkle reiskapar i starten, har ein utvida til store maskinar som høver til produksjonen ein driv i dag. Arbeidsmarknads-etaten har gjeve stønad til innkjøp av maskinane.

På tekstilavdelinga har ein store vevstolar og symaskinar. Her lagar arbeidstakarane vakre dukar og teppe, ulike pynteting og nytteting av ulike slag. Avdelinga har teke på seg oppgåver for fleire institusjonar i bygda. Eit stort oppdrag i så måte, var produksjon av røyste-avlukke til røstelokala i bygda. Her delte ein oppdraget med treavdelinga.

Ved treavdelinga har ein kome fram til ulike produkt som ein har funne marknad for. Her kan nemnast:

skohyller, hattehyller, garderobehyller, kjøkenhyller, pizza-brett, skjerefjølør og mykje meir. Verkstaden lagar dei ulike hyllene på standardlengder, men kundane kan få dei laga etter mål. Dette synest vera svært godt motteke mellom folk. For at arbeidstakarane skal kunna gjera mest mogleg av arbeidet på produkta, har arbeidsleiarar og lærarar lagt ned stort arbeid i å laga høvelege hjelpeformer. Desse kan arbeidstakarane nytta, og vera trygge på at resultatet av arbeidet vert rett og godt.

Hovudproduktet ved verkstaden no er kompostkassar. Dette er eit svært godt produkt for arbeidstakarane. Kassane er oppdelt i seksjonar som vert laga i særskilde former. Seksjonane vert sette saman til ferdige kassar. Kvar seksjon gjev godt og sjølvstendig arbeid til ein eller fleire arbeidstakarar. Produksjonsprosessen gjev arbeid til arbeidstakarar med ulike meistringsdugleik, og høver såleis svært godt som arbeidsoppgåve.



*Grethe, Helge, Magnar og Ivar viser fram kompostbingen.
Foto: Os & Fusa Posten*

OSHAUGEN VERKSTAD - AVDELING SKULE

Som nemnt tidlegare har det alltid vore knytt skule til verksemda. I fylgje vaksenopplæringslova har psykisk utviklingshemma rett til vaksenopplæring ut over grunnskule. Departementet har som norm for slik opplæring tilrådd 4 t/v for elevar som har teke ut grunnskuletilbodet, og 9 t/v for elevar som ikkje har teke ut tilbodet. Os kommune har fylgt norma frå departementet. Dette har gjeve plass til skule ved verkstaden.

Elevane ved skulen er nokså ulike. Dette krev tilpassa opplæring til kvar einskild. Den teoretiske delen av opplæringa går på vedlikehald av innlært kunnskap. Teoriopplæringa har for det meste vore knytt til norsk

og matematikk. Nokre elevar har og hatt utbyte av engelskopplæring. Ein prøver og å leggja inn noko o-fag og kristendomsopplæring i teoritimane. Teoritimane har i stor grad vore einetimar.

Fysisk fostring har vore ein del av opplæringa. Ein har drive ulike former for gy, nastikk. Idag har elevane symjing på timeplanen. Denne delen av opplæringa er gruppeopplæring.

Før verkstaden vart aksjeselskap, dreiv skulen i samarbeid med verkstaden, sosialtrening. Ein øvde elevane å ta seg fram i nærmiljøet. Dei fekk øving i å gå i butikkar, bankar og i å kunna gjera seg nytte av andre kollektivtilbod. Denne opplæringa har falle bort no. Arbeidstakarane har no flytt i eigne bustader. Skulen har no gått over til å gi heimkunnskapsopplæring, noko teoretisk, og noko praktisk som matlaging. Skulekjøkenopplæringa går føre seg i verkstaden sitt kantinekjøken for heimebuande elevar. Elevar som bur i eigne husvære, får opplæring i heimebustaden.

Elevane har trong for å diskutera problem som måtte koma i kvardagen. Ein har vald å ta opp spørsmål av ulike slag i samtaletimar. Dette er gruppetimar. I heimkunnskapstimanen går gjerne to elevar saman.

Opplæringa ved skulen har alltid hatt ei praktisk side, knytt til arbeidet. Skulen prøver å gi hjelp i arbeidet med nye oppgåver som elevane vert stelde framfor. Ein er med på å leggja tilrette arbeidsoperasjonar for elevane, slik at dei kan kjenna at dei maktar dei ulike oppgåvene som møter dei. Den praktiske delen av opplæringa er svært viktig, og går føre seg i produksjonslokala, i nært samarbeid med arbeidsleiarane ved verkstaden.

Den teoretiske delen av opplæringa går føre seg i eigne lokale som skulen fekk i 1992. Då fekk ein grupperom, klasserom, arbeidsrom for lærarar og rom til administrasjonen.

Skule/verkstad har hatt gode samarbeidsrutinar og ein vil tru at begge partar har hatt nytte av samarbeidet. Ein har sett av fast tid til samarbeid. Det er ei oppgåve for alle tilsette, anten dei er knytte til produksjonen eller til skulen, at dei støtt har arbeidstakarane for auge i alt som vert gjort. For - for desse må Os-haugen Verkstad vera ei gåve som er med og gjer kvardagen deira meningsfull, og gjer at dei kan kjenna seg som nyttige samfunnsborgarar.



Frå v.: Grethe, Kitty, Ingrid, Tone og Inger Johanne i fullt arbeid på tekstilavdelinga.

Foto: Os & Fusaposten

Steindalsætra

– eit av mange kulturminne i fjellet –

av Kåre Herdlevær

HISTORIKK

Området i Steindalen kring Steindalsætra vart skyldsett og fekk såleis eige gardsnummer i 1871. Gardsnamnet er Steindalsskogane.

Kva tid det kom sæterhus og stølsdrift i Steindalen veit vi ikkje. Men truleg var det sæterhus her på 1600-talet. Gardane Molda, Klyva og Bjånes hadde beiterett i Steindalen og også sæter der. (Under restaureringa i 1939 vart det funne ein plankeende i grunnen med årstalet 1802 innskore.) I 1813 var det gamle selet til nedfalls. Det året vart det bygd nytt sæterhus. Peisestova i noverande Steindalsæter stammar frå dette årstalet. I ei kontrakt om beiterett for dei nemnde gardane frå 1819 står det at *“sæterhuset må ikke flyttes.”*

Seinare overtok gardane Molda og Bjånes eigedomsretten, men Molda eig ikkje noko der no. Steindalsskogane vart særskilt skyldsett i 3 partar i 1912. Grunnen under Steindalsætra er det bruk nr. 2 på Bjånes som eig, matrikelnummeret er gnr.85, brnr.1.

Noverande eigar er Eirik Bjånes.

Steindalsætra hadde vore lite og ikkje brukt etter at stølsdrifta stogga ikring år 1900. Etter at Os ungdomslag vart skipa, og oppattskipa, vart sætra ein utferssstad for ungdomen. Ungdomslaget fekk formelt hand om sætra i 1936.

KORLEIS VAR SÆTRA INNREIDD?

Det var ikkje loft på den gamle sætra. Ope heilt opp med synlege sperreband frå vegg til vegg og synlege taksperr.

Å laga seg noko fullgodt bilete av husbunaden, så mange år etter, er vanskeleg. Men noko er ein blitt kjend med. Innkomen i selet såg ein 4 køyer, to “øve kvarandre” i eine hjørna og to i hitt. Det vert sagt at dei til høgre hørde til Molda og dei til venstre til Bjånes. Til køyene hørde kvar sine hyller. Innanfor døra til venstre var det ein omn, brukt både til oppvarming og koking. Bord og krakkar var det òg, og det må ha vore ein arbeidsbenk til bruk for stølsjentene.



Steindalsætra bygd i 1813, slik den såg ut i 1918. Os ungdomslag på tur.

Foto: Lokalhistorisk arkiv.

STØLSDRIFT

Det er ikkje så mykje ein kjenner til om stølsdrifta. Men vi veit at gardane på Bjånes dreiv stølsdrift der. Stølsjentene låg på sætra heile sommaren. Eller som det står i det handskrivne bladet til Os ul.: *“Her laa sæterjentene hele sommeren og ystet og kidnet, og de hadde te by paa om der kom et menneske. Det kunde jo hände der kom rekende en Bjaanesing eller en Bøgut en kvell naar maanen stod paa himmelen.”*



*Dugnadsfolk samla på tomten før oppattbygginga i 1939. Kanskje kjenner du att nokon av desse?
Fremste rekkja frå v.: Ragna Kobbeltvedt, Ingeborg Bø, Ingolf Lyssand, ukjent, Lars Orrebakken, Håkon Valle.
Andre rekkja frå v.: Harald Rødne, Alfred Lyssand, Karl L. Lyssand, Bjørn Lyssand (Bien), Hans Bøe, Magne Lyssand,
Ingeborg Kobbeltvedt, Nikolai Kobbeltvedt, ukjent, Peder Lund. Bak: Lars L. Lyssand, ukjent.*

Buskapen vart driven fram til Steindalen frå Bjånes gjennom Gjemdalskaret. Det var den lettaste vegen, for det var ikkje veg gjennom Rødsliane. Den var først ferdig fram til Øvredalsvatnet i 1910. Då var stølsdrifta alt nedlagd.

Det er framleis restar av gamle kinner der oppe, så det vart nok kinna smør. Om det vart ysta òg veit vi ikkje. To gonger for veka gjekk stølsjentene til Lønningdal med smør og mjølk, og kanskje andre produkt. Der vart dette henta med båt. Med seg opp igjen måtte dei

bera mat og andre ting som dei hadde bruk for under opphaldet.

Det kunne verta lange dagar og mykje vandring i fjellet når kyrne skulle mjølkast morgon og kveld. Sætra hadde ikkje fjøs, så det vart å leita etter kyrne. Vanlegvis drog dei seg innover mot Munkelia og Munkebotten, ein god marsj for stølsjentene. Dette var gjerne unge jenter. Vi kjenner til at ei jente på Bjånes, som seinare vart gift til Hauge, hadde 8 sumrar som seterjente. Ho kan ikkje ha vore meir enn

15-16 år gamal første gongen.

Om vintrane dreiv eigarane tømmerhogst i Steindalskogane. Då budde dei på sætra i veka. Drog opp om måndagen og ned att til helga. Hest hadde dei med. Plass til hest var det i ei halvtekkja ved sida av sæterbygningen, truleg der det no er ei “sytja”. Vegen for desse gjekk nok òg gjennom Gjemdalsskaret til og frå.

Som nemnt stogga sæterdrifta ikring år 1900. Kor lenge dei dreiv skogsdrift der og budde på Steindalsætra, veit vi ikkje noko sikkert om. Men både Hans Hansson Bjånes, og Nils

Hansson Bjånes, som kjøpte Steindalskogane i 1873, dreiv med skogsdrift.

Sålenge Bjånesgardane og andre gardar hadde sauene sine innover i desse traktene vart sætra nytta til overnatting under sauesankinga.

OS UNGDOMSLAG TEK OVER

Det er lite å finna om Steindalsætra etter 1900-talet og fram til slutten av 1930-talet. Men då Os Ungdomslag vart oppattskipa i 1916, vart sætra ein fast utferdsstad for medlemene av laget. Bilete frå 1918 viser ein heil flokk samla på austsida av sætra. I det handskrivne bladet til Os ul., "Osingen" av 6. okt. 1918 er det gitt ei romantisk skildring av denne turen, som gjekk føre seg våren 1918: "*—Vi drog avgaarde en 40-50 stykker ialt. Vi tænkte at komme til sæteren om natten og vi hadde det fineste veir som tænkes at gaa i. Natten var som dagen lys. Vi lo og sang, som en vill vaarfugl, som synger sine første toner i skogen.*" Dans var det òg: "*Vi danset med vaare piker så Stendalsæteren rystet i sine sammenføyninger. —I 3-4 tiden skulde vi opp paa et høit fjell for at se soloppgangen.*" Det må truleg ha vore Midtsæterfjellet.

Vidare står det: "*Men tilbakemarsjen til Os var lang. Slik som vi trasket og gik og kvilte og pustet, kan nu være det samme. Det var som en endeløs vandring gjennom ørkenen. — Men nu er det høst og nu skal jeg snart paa Stendalen efter sauene.*"

Kven som har skrive dette veit vi ikkje, då det var fleire gardar i Os som hadde sauene sine på desse traktene.

Av bilete ser sætra ut til å vera i bra stand. Men det må ha gått nedover med vedlikehaldet. Frå ei "Vitjebok" tek eg med følgjande: "*—og øydela nesten alt innbuet. Det var berre to kinner att, den eine er no vedkasse og den andre peiskrakk. Der var også ei sag og ein bor, og i grunnen under golvet fann me ei øks. Ho har truleg vore brukt til treskolaging, som dei har arbeidt mykje med her oppe. - Dei siste åra var det mesta uråd å liggja i selet, då både golvet og vindaugo var opne. Bjånes og Molda såg seg ikkje syn med å halda selet vedlike, og Os ungdomslag tok då på seg å setja det i stand mot å få nytta det til utferdshytta.*

I 1936 fekk me kontrakt. Os ungdomslag er no

eigar av selet, men gardane Bjånes og Molda har bruksrett. Kontrakta er underskreven av J.L.Mowinckel, Henrik og Hans Bjånes. Nils Bjånes eig no grunnen."

At det var "*mest uråd å liggja i selet*" har Lars Orrebakken fortalt om. Då han overnatta der før ombygginga, fann han seg ei gamal dør som han la oppå sperrebanda, tok så soveposen med seg og sov der, for golvet var heilt gjennomrote.

STORDUGNAD

Som resultat av avtalen mellom eigarane og ungdomslaget tok laget på seg å setja sætra i stand til bruk som utferdsstad. Men, som det er referert ovanfor var det mykje som måtte gjerast. Det måtte både pengar og mannskap til. Mannskap hadde ungdomslaget, men korleis skaffa pengar?

Av møtereferat går det fram at det ville kosta kr. 2000 å få "hytta", som den er kalla der, heilt i orden. Noko av pengane kom inn på basar. Men det er kjent at mesteparten kom som gåve frå J.L. Mowinckel. Og så, 26.09.1939, står det i eit møtereferat: "*Hytta i Steindalen er no brukande, men det er mange ting som ein lyt ordna fyrr ho er heilt i stand. Me hev fenge 500 kr til hjå Mowinckel, men enno er det for lite.*"

Det er kjent at det vart teke opp lån, for i 1942 var all gjelda på Steindalsætra betalt. Og då ungdomslaget la ned arbeidet på grunn av nazifiseringa av Noregs Ungdomslag, vart det vedteke at kassabeholdninga skulle brukast til utstyr i "hytta".

I den stand sætra var. Rote golv, opne vindaugo og anna gale, vart det vedteke å riva den ned og setja den opp att. Alle plankar vart merkte under rivinga og sette opp att nett slik det var før. Lars O.Hjelle, skifabrikanten, (1868-1948) som då var ein tilårskomen mann, la arbeidet tilrette for ungdomane, slik at dei, ved stor dugnadsinnsats vinteren, våren og sommaren 1938-39 fekk sætra atterreist.

Av bilete frå 1918 og bilete frå etter ombygginga, ser vi at mønet på sætra no er røyst andre vegen enn tidlegare. Taket vart også løfta noko, slik at det kunne leggjast golv med soveplass oppe. Dei som seinare nytta sætra mest hadde sine faste køyer, 9 tilsaman. "Monogram" viser endå på eit par av dei.

Sætra fekk også ein gang, med trapp opp til loftet, og med dør inn til eit lite kjøken.

Alt tømmer til golvbjelkar og taksperer vart hogge på plassen. Men all skoren material, murstein o.a. vart boren på ryggen frå Midtsæter. Det var tevling karane imellom kven som kunne ta dei største børene.

1. Midtsæter vart materialen frakta med hest frå Lønningdal. (Vegen til Midtsæter kom først i 50-åra.) Og ikkje berre frå Lønningdal. Det vert fortalt at ein søndags-morgon gjekk det ein hestekaravane, 8-10 hestar i talet, på godt sleaføre frå Os til Lønningdal og vidare til Midtsæter.

Som ein kuriositet kan nemnast at to kraftige, vridde brakestolpar, som stod på kvar sida av inngangsdøra, tok Lars O.Hjelle med seg frå Ølve då han henta material der.

Tømmeret i veggene viser at det har vakse grov furu i Steindalen tidlegare òg. Men korleis forma dei planken tru? Kanskje med øks, men truleg helst med sag. Ei flate ovanfor sætra, der vi no tar av frå traktorvegen, gjekk frå gamalt under namnet "Sagaplassen". Her har det stått ei oppgangssag. Karl Midtsæter minnest enno "krakkjen" som dei la tømmeret på. Saga vart driven med handamakt. Med ein mann oppe og ein eller to nede kunne dei nok saga grovt tømmer.

Ved restaureringa fekk sætra også si kunstnarlege utsmykking. Ansvarleg for dette var Jakob Hjelle. Han skar ut tre dansepar, eitt på kvar gavl. ("Tidens tann" har gjort at desse no pryder veggene i peisestova.) Dessutan dekorerte han også innadørs. Ikkje berre dekorerte han. Han såg kva krokete tre og røter i naturen kunne nyttast til. "Peisbordet" med "bein" av ei krokete furu er hans verk. Det



Steindalsætra etter oppattbygginga i 1939

same ein "gyngestol", som diverre no har fått noko skade.

OKKUPASJONSTIDA

Steindalsætra kom til nytte alt frå dei første okkupasjonsdagane i 1940. 3 familiar på Haugsneset fann vegen til sætra og budde der ein månads tid. Mannfolka måtte vel i arbeid, sjølv om vegen til Osøyro var lang. Men borna levde sitt frie liv med leik og moro i skog og mark. Mjølkk vart henta på Midtsæter. Mat elles vart vel kjøpt hos Synneva Lønningdal, som dreiv handel i Lønningdal då.

Ungdomslaget var så framsynt at det var lagt fram ei "Vitjebok" straks sætra var ferdig som permanent utferdsstad. Denne viser at Steindalsætra må ha vore som ein fristad for ungdomen i Os i krigstida. Frå 1941, då boka startar og til krigens slutt er det ført inn over 4000 namn. Mange av desse går igjen, men likevel,- det er utruleg at så mange fann vegen dit når vi tenkjer på dagens krav til kommunikasjon. Det var veg til Lønningdal, og dit kom ein berre, enten til fots, på sykkel, eller med anna framkomstmiddel.

Dei fleste namna som finst i boka er frå Oskrinsen, men det har vore helgeturar av ungdomar frå dei fleste kripsane i kommunen. Og kvifor tok dei turen dit? Jau, her kunne dei ha dans og moro utan tanke på at landet var okkupert.

Fleire av namna som går igjen i boka kom seinare med i illegalt arbeid, og det er kjent at i dei seinare krigsåra vart sætra nytta som samlingsstad for desse, men utan at den vart nytta som nokon base i det illegale arbeidet.

Nokre av hyttene i Steindalen vart bygde under krigen. Steindalsætra vart då nytta som opphaldsstad under bygginga. Jakob Hjelle og Lars Orrebakken er dei namna som går mest igjen, med fleire dagars opphald, dei første åra. Begge førde opp hytta si i denne tida og var også av dei mest aktive under ombygginga av sætra.

ETTERKRIGSTIDA

Styreprotokollane for Os ungdomslag og "Vitjebøkene" viser at Steindalsætra har vore mykje nytta som utferdsstad i etterkrigsåra. Fram til utgangen av 1955, medrekna krigs-

tida, viser vitjeboka over 9000 vitjingar. At det her, som andre stader, var mange som ikkje skreiv seg inn, må vi rekna med. I alle fall ikkje dei som dreiv illegalt arbeid. Talet er nok difor noko høgare.

Ungdomslaget hadde sine haustfestar her, og hytteeigarane nytta sætra til sine årlege "hytteeigarfestar". Å feira påsken der ser også ut til å ha vore populært i desse åra. Og så dugnader då! Rett nok var sætra restaurert, men noko var det støtt. Å syta for at "sytja" var godt fylt opp med ved var noko. Skogplanting var noko. I dag kan vi i nærleiken av sætra sjå resultatet av det skogplantingsarbeidet som vart gjort, med sætra som utgangspunkt.

Etter at barnelagsarbeidet skaut fart i ungdomslaget vart det også årlege barnelagssamlingar, til stor glede for dei som var med.

MEIR DUGNAD

Krav til betre standard gjorde at det først i 70-åra vart vedteke å byggja på sætra. Ønskje var eit noko større kjøken, som også kunne nyttast som opphaldsrom, og få ein større gang.



Steindalsætra etter påbygget i 1974

Våren 1974 vart arbeidet med grunnen starta opp og tilbygget reist. Det tok noko tid før denne dugnaden vart endeleg avslutta. Men sætra presenterer seg no i god stand både ute og inne. Likevel, eigaren må nok rekna med å stola på dugnadsånda i framtida òg.

FRAMTIDA

Steindalsætra har lange tradisjonar, både som sæterhus og som utferdssstad. Dei gamle tømmerveggene i det gamle sæterhuset gøymer på minne frå ei tid, der slit og strev for det daglege brød var det tankane krinsa om, dag ut og dag inn. Det er difor ikkje berre ei naturoppleving å leggja turen til Steindalsætra i våre dagar. Det er også ei kulturhistorisk oppleving når vi kjenner bakgrunnen for at det vart ei sæter her og kva sætra har vore nytta til opp igjennom åra. Under opphald i sætra opplever ein korleis det var å greia seg utan elektrisk straum og vassklosett. Litt primitivt for notidas ungdom, men romantisk?

Sætra har vore lite nytta nokre år, men det er no ein viss oppgang i interessa att. Dette er gledeleg for dei som eig sætra og som har lagt ned så mykje arbeid i å halda den vedlike.

Kjelder: Ossoga, Møtebøker Os u.l.
Borghild Bjånes
Anders Hauge
Karl Midtsæter
Eldbjørg Mildestveit
Lars Orrebakken
Henrik Valle

Når det mørknar

av Jorunn Ravnskog

*Ei kvit lilje
vil eg gje deg
når det mørknar*

*ho treng ikkje dagslys
for å ange
lilja*

Steindalssongen

av Annanias Skorpen

Tone: Gjest Bårdsen



På heimveg etter endt dugnad på Steindalsætra

*Velkomen til hytta, velkomen til fest
velkomen kvar lagslem, velkomen kvar gjest.
No skal me oss gleda, skal leika og kveda
og laga den moro me tykkjer er best.*

Refr:

*For Steindalen det er vår gildaste stad
her syng me og leika, her er me så glad.
Her venskap skal vinnast,
og lukkegarn spinnast
men alle ein tørn og sitt tak lyte ta.*

*Ja, Steindalen var nok ei sæter ein gong
der gjentone lokka og bjøllone klong.
Og småfuglekvitte og solstråleglitter
og sukkande skogsus var fjellet sin song.*

*Men også i dag finns det stølspoesi
for hytta skin fager i høgsumar bli`
og skogen kan susa, og fjellfossen brusa
og ungdomen drøymmer om komande tid.*

*Når vårsoli varmer og himlen er klår
då flokkar av ungdom til Steindalen går.
I vårljose netter, mens blomane spretter
kling songen frå stølen der ungdomen rår.*

*I kaldaste vinter og myrkaste nott
er hytta vår gildaste eventyrslott.*

*Kring peisen me benkjer, mens lågane blenkjer
og allsangen lyder, og livet er godt.*

*Ja, hytta tek mot oss som heime det var
og derfor me pliktar mot hytta vår har,
ved alltid å vara, og fint med ho fara,
som om det var huset til mor og til far.*

Refr:

*For Steindalen det er vår gildaste stad
her syng me og leika, her er me så glad.
Her venskap skal vinnast,
og lukkegarn spinnast
men alle ein tørn og sitt tak lyte ta.*

Kvalitet i samarbeid med



Flåten Senter, 5200 Os, Tlf. 56 30 66 50

Bohus

Telefon: 56 30 04 80

Total leverandør av finansielle tenester

K KREDITKASSEN

CHRISTANIA BANK OG KREDITKASSE

Postboks B2
5201 Os

Kontoradresse:
Bjørnegården

Telefon:
56 30 07 80

Telefax:
56 30 27 37

S.W.I.F.T.:
XIAN NO KK BGO

Telex:
42 760 cbkbr n

K-telefon:
22 71 01 01

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

as Lysland  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER
ARNE STRØNEN 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

Styret:

Leiar: Reidar Bremerthun

Nestleiar: Bjørg Eide

Kasserar: Elfrid Moberg

Styremedl.: Anders Bjørkelo

Skrivar: Ruth Søviknes

Ta kontakt med eit av styremedlemene.

Osingar!

*Dersom du ikkje alt er
PAN-kunde, så bli det.
Prøv våre reisetilbod,
tenk miljø og økonomi.*

PAN TRAFIKK AS



*Me har alt det som du søker
av skrivesaker og av bøker.*

M.K. OLSEN
Bok og papirhandel

Os - ☎ 56 30 04 30

Fax 56 30 29 80

*Roser og plantar
av mange slag,
til kvardagsbruk
og i festleg lag!*



Halhjem Gartneri 5227 Søre Neset

Tlf.: 56 30 51 78 – Fax: 56 30 62 53

OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet
for norske folkedansar:
Songdans, turdans,
gamaldans og
bygdedans.

Sjå lysing i
Os & Fusaposten

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S
Planterekole
Moberg – 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -

for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

INTERCONSULT AS

TIDL.
ØSTLANDSCONSULT OG TAUGBØL & ØVERLAND

RÅDGJEVANDE INGENIØRAR



AVD. OS.
Bjørnegården, Pb. 29, 5201 OS
Tlf.: 56 30 06 90 - Fax 56 30 24 74


IC er et frittstående, rådgjevande ingeniørfirma med kontor over heile landet.

Vil tilbyr rådgjeving og prosjektering innan fagområda:

VAR-TEKNIKK SAMFERDSEL AREALPLANLEGGING BYGGTEKNIKK



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Ring tlf. 56 30 53 14 - 56 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. 56 30 16 17

Mobil tlf. 94 56 79 35 - Mobil tlf. 94 55 18 31

Levert av

ROSESPESIALISTEN

Lunde's Gartneri

5220 Hagavik
Telefon 56 30 50 45 - Telefax 56 30 63 40

Buketter og dekorasjoner

Me har stolar og sofakrok der du kan kosa deg med ei bok.

Me har også seng og bord, både for liten og for stor.

**Møbelservice
på Sjøteland**

Tlf. 56 30 71 70 - 56 30 72 31 Fax. 56 30 74 35

LARS LEKVEN

SIV. ARKITEKT MNAL NPA
ROSENBERGSGT. 42 5015 BERGEN

TLF.: 55 32 79 50
FAX.: 55 32 90 64

ARKA AS

*Til kjøkken, bad og vaskerom
har vi det meste, så berre kom
og kjøp det du treng, vi installerar,
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat: 56 30 02 55
Kontor: 56 30 15 83
Mobil: 94 57 14 61



**Hjertelig velkommen
til Solstrand**

Bli abonnent du òg!

Her finn du

SISTE NYTT

om det som hender

i heimbygda di!

**OS & FUSA
POSTEN**

Boks 272 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

A.s Os Fargehandel

INTERIØREN

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

*Roser og
dekorasjonsplanter
Gartneriutsal*

Erling og Terje Lunde - Gartneri

5227 Søre Neset - Tlf. 56 30 52 28

DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSSELSKAP


Hos oss kan du få dekkja dine
totale forsikrings- og lånebehov

Ta kontakt med oss!



GJENSIDIGE Vest


Os Tlf. 56 30 04 88
Eikelandsosen Tlf. 56 58 15 20




EIN STABIL OG TRYGG BANK

*- MED GODE TILBOD
TIL PERSON OG
BEDRIFT*

SPAREBANKEN  VEST



*På Flåten Senter finn du alt
frå moteklær til smør og salt.
Der kan du gå i ro og mak
og handla etter råd og smak.*

FLÅTEN  SENTER

...har alt!

Tlf. 56 30 03 50

Løysingar på barnesider:

Svar frå side 11:

Løysingsord på bladet: Osingen

Faktaspørsmål om hest:

1. Vallak
2. Ja
3. Man
4. Ja
5. Fole
6. Det er å springe forsiktig
7. Ja
8. Nei, men den har teppe

Svar frå side 12:

Svar på gåter:

1. Kjøper ny gyngestol
2. Ei grashoppe med talefeil
3. Vesle, rare tiriltunge
4. Hoggestabben
5. Garnnøstet
6. Ein sendar ned ei dykkar som bankar på
7. Fordi han er blakk.
8. Fordi han var lam då han var liten
9. Egget

Svar frå side 14:

Løysing på ordgåte

1. Nord
2. Skule
3. Knut
4. Olsenbanden
5. Molde
6. Storm
7. Due
8. Ni
9. Eli



Når reiselysten veks seg stor
hos folk som bur ved Bjørnefjord,
kan dei alltid gå
til vårt reisebyrå.



OS REISEBYRÅ AS



POSTBOKS 260 – 5201 OS – TLF. 56 30 11 90
TELEFAX 56 30 27 01



Den norske Bank

Vi har mulighetene – du har valget!!!



OSKRAFT AS

— *Rein energi* —

TLF. 56 30 03 00

Din lokale kraftleverandør